

Torsdag 17. april blir det to seglskutekonsertar i Uskedalen – ombord på den 124 år gamle S/J Mathilde. Om føremiddagen er det skulekonsert og om kvelden vanleg konsert.

Skuta kjem til Sæbøvik 14. april og dei neste fem dagane ankrar ho opp innover fjorden til ho forlet kommunen etter konserten i Rosendal 18. april.



Mathilde er ei staseleg skute og no er ho på veg også til Uskedalen.

Fylkesmusikarane slår fast i ei pressemelding at sjøvegen var den fyrste riksvegen og sjøve livsnerva i kystsamfunnet opp gjennom hundreåra. Fjordlandskapet var ein viktig arena for både vikingskip i vesterveg, galeasar, jekter og færingar, frakteskip og fiskebåtar og her vart både varer, tenester og kulturverdiar utveksla.



Sigbjørn Apeland, Elin Grytting og Einar Mjølåsnes kjem til Uskedalen med S/J Mathilde for å halda konsert.

Folkemusikken i dette området har mange fellestrekk som soleis utgjer ein sams kulturell identitet, skriv Fylkesmusikarane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Dei har gått saman om å lage ein rik og variert musikalsk meny med utgangspunkt i seglskutetida og basert på folkemusikk frå Vestlandet på sitt aller beste. Prosjektet "I same båt" vart fyrste gong gjennomført i Hardanger og Sogn i fjor vår.

"Med havdyr i øyro" heiter programmet, som blir framført av Sigbjørn Apeland, Elin Grytting og Einar Mjølåsnes.